

ANMELDT BOK



HEIME: Også kjøttmeisens liv er eit lite under. Andreas Tjernshaugens fine bok får ein til å undra seg: Korleis kom småfuglen først på at han (eller ho) skulle bygga reir? FOTO: ROALD LANGØEN

Andreas Tjernshaugen går opp både kultur- og naturhistoria om meisane.

Lågmælt, vakker song om småfuglane våre

FUGLEINTERESSA SYNEST å vera over oss som ingen gong før. To større verk med fuglesongar og leksikalske tekstar har vore bestseljarar dei siste åra. Andreas Tjernshaugen synest å halda fram i denne trenden, med boka «Meisenes hemmelige liv». Men som han viser på mangslungent vis: småfuglar er ikkje noko nytt under den menneskelege sola.

Sjølv salige Aristoteles streifar meisane i sine natur-refleksjonar

SOSIOLOGEN TJERNSHAUGEN har ein doktorgrad i samfunnsvitenskap om politikken knytt til fangst og lagring av CO₂, og har tidlegare skrive bøker om gasskraftaksjonar i Norge, og om akvarium for born. Det går ikkje

an å kalla han nerdete. Tørre faktum får liv i Tjernshaugens tekstar.

Ta måten han bevegar seg frå proteinet i eggekviten (10 prosent, resten vatn) til byggesteinane som dei er i alle levande celler, til gena som programmerer dei: «Oppskriften på et protein kalles et gen og består hovedsakelig av ei instruks om å hekte sammen en streng av aminosyrer i en viss rekkefølge». Så tilforlateleg kan noko veldig innvikla bli forklart.

I BOKA FØLGJER vi kjøttmeisen og blåmeisen gjennom året, frå hekking til klekking og til overvintring. Vi følgjer også forfatteren og familiefaren Tjernshaugen i skrivearbeidet; boka får såleis eit personleg dreiemoment, som er ei oppskrift for sakprosa-bøker som mange har følgt etter kvart.

Kva er så hemmelegheitene til meisane? Noko av den nyare forskinga som Tjernshaugen formidlar, handlar om at også små fuglar har ulike personlegdommar. Somme av dei er nyfikne og dristige, andre meir trygghetssøkande og innadvendte. Ikkje nødvendigvis garanterer dristigheit for større

BOK DOKUMENTAR

Andreas Tjernshaugen



«Meisenes hemmelige liv»
Kagge forlag



overlevingssjansar, ifølgje Tjernshaugens bok.

EI ANNA HEMMELEGHEIT er sjølv hekkinga. Utruskap er ikkje uvanleg mellom småfuglane. Her får ikkje Tjernshaugen tatt meisane på fersken, verken på den eine eller andre måten, og det er fint: korleis han ope fortel om det han ikkje får til, eller ikkje finn ut av, med sine kamera og fuglekassar i hagen heime. Tjernshaugen er også raus med det som finst av kulturhistorie om meisane. Visste du at det finst ei engelsk bok frå 1952 som heiter «Birds as individuals», som blei sett om til norsk året etter utgivinga, «Småfuglene mine. 10 år blant vingene venner»?

Tjernshaugen synest betraktningane hans blir vel pjuškete mot dei detaljerte skildringane som forfatteren Len Howard gjorde seg, etter å ha levd med meisane, og knapt nok med menneske, i ti heile år. Sjølv held han seg helst på bakken, i stil og ambisjonsnivå, og lukkast langt på veg med det.

LIKEVEL HADDE DET gjort seg med litt luft under vingane, her og der i boka. Dersom reirbygging er ein medfødd kapasitet, så finst han vel som oppskrifter på aminosyrer og protein, han også? Finst det genstudiar av det som oftast blir kalla dyrs, og fuglars, instinkt? Korleis begynte eigentleg reirbygging? Som ein mutasjon? Og blir ikkje Tjernshaugen sint på kattar og på klimaendringar, som kan truga overlevinga til meisane, både som einskildskapningar og som større populasjonar?

Boka er gjennomillustrert, men kunne hatt ein heilskapleg stil eller tone - akkurat som den fine teksten.

ANMELDT AV GUDMUND SKJELDAL